



Fylkesmannen i Hordaland

ARNESEN HVITEVARER AS
Kipleveien 46
5179 Godvik

Bergen, 11. desember 2018

Dykker ref.:
Ronny Arnesen

Vår ref.(oppgi ved svar):
2018/15510
Sakshandsamar:
Henriette Ludvigsen

Rapport frå inspeksjon ved Skousen Åsane

Kontrollnummer: 2018.140.I.FMHO

Til stades ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Ronny Arnesen
Andreas Ness

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Henriette Ludvigsen
Nina Vadøy

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Skousen Åsane 19. november 2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland avdekkja ingen avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen. Tilsynet er derfor avslutta, og det er ikkje nødvendig å sende tilbakemelding til oss.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Silje Tingstad
overingeniør

Henriette Ludvigsen
overingeniør

Kopi til: Bergen kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: ARNESEN HVITEVARER AS

Organisasjonsnr.: 917638926

Eigd av: 911940760

Bransjenr. (NACE-kode): 47.540 - Butikkhandel med elektriske husholdningsapparater

Kontrollert eining

Namn: Skousen Åsane	Anleggsnr.: 1201.0830.01
Kommune: Bergen	Fylke: Hordaland
Anleggsaktivitet: Produktforhandler	
Løyve gitt: -	Sist endra: -

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overholdne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin aksjon for EE-avfall hos forhandlarar.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

Tema for aksjonen var forhandlars plikt til mottak, sortering og oppbevaring av EE-avfall, og plikta til å informere om dette.

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekkja under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjoner

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Fylkesmannen avdekkja ingen avvik innanfor dei områda som vart kontrollerte. Vi ser difor på oppfølginga etter inspeksjonen som avslutta.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 7. desember 2018. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebrysatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Skousen Åsane betale eit gebyr på kr 5 200,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebrysats 5 for tilsyn av inntil en dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagan til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Hordaland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Det vart ikkje funne avvik under inspeksjonen.

7. Merknader

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) med underliggjande forskrifter
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)

9. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) §§ 1-4, 1-5 og 1-6.

Brosjyrar/infoark vart utdelte:

- Gebyr ved kontroll (TA-2608)
- Når EE-produkter blir avfall (M116)